



Apalen Sør AS  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 18/1710 - 18/30783

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
16.10.2018

## Avslag på søknad om dispensasjon frå rekkefølgekrav i reguleringsplan- gbnr 202/3 m.fl. Hjelmås

**Administrativt vedtak. Saknr:** 552/18

**Tiltakshavar:** Hjelmåsen AS og Apalen Sør AS

**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (tbl.) § 19-1

### Tiltak

Saka gjeld søknad om permanent dispensasjon frå rekkefølgekrav gjeve i reguleringsplan Helleåsen/planid.: 1263-19032007 § 2.1.1.1 og frå rekkefølgekrav gjeve i reguleringsplan Bustadområde Apalen Sør/planid.: 1263-200809 § 1.3.6.

Det vert elles vist til søknad motteken 29.05.18 og påfølgjande dialog.

### Planstatus

Planområde Helleåsen/planid. 1263-19032007 er eit regulert bustadområde med ein kombinasjon av føremåla frittliggjande småhus og konsentrert småhus. Planen vart vedteken i kommunestyret 10.02.10 med siste revidering i Plan- og miljøutvalet, mindre endring, 08.06.16. Planen har status som gjeldande.

Det er søkt om permanent dispensasjon frå følgjande rekkefølgjekrav i planen:

#### «§2.1.1.1 - Rekkefølgekrav

*Rekkefølgekrav for utbygging (Plan- og bygningslova §12-7) Fylkesveg 391 skal vera utbetra etter § 2.1.2 i føresegna.*

*Utbyggjar får byggja ut dei 8 første bueiningane før rekkefølgjekravet gjeve i føresegne § 2.1.1.1 vert gjort gjeldande. Ved bygging i område sett av til einebustader vil det i tillegg vera høve til å byggja sekundærbustad innanfor rekkefølgjekravet.*

*Fylkesvegen skal vera ferdig før det vert gjeve rammeløyve for oppføring av nye husvære utover det som det er gjev løyve til av husvære før rekkefølgjekravet slår inn.*



§ 2.1.2 Fylkesveg – standard -Einfelts veg med møteplass og gang og sykkelveg/fortau  
Dele av Fylkesveg 391 (utstrekning som vist på reguleringskart) skal utformast som Einfeltsveg med møteplass og gang og sykkelveg (fortau).

Krav til veg (frå utsida til innside):

- *Fylling*
- *Rekkverk*
- *Skulder 0,5 meter*
- *Vegbredde 3 meter*
- *Fortaukant 0,25 meter*
- *Fortau 2,5 meter*
- *Grøft mot terreng /skjæring 0,5 meter*
- *Skjæring*

*Samla minimumsbredde 7 meter.*

*Minimum møteplass kvar 200 meter eller tetter der naudsynt pga sikt.*

*Endeleg utforming og detaljer skal godkjennast av Statens Vegvesen.»*

§ 2.1.3 Fylkesveg – eksisterande veg utan tiltak i vegbane – utviding med fortau  
Dele av Fylkesveg 391 (utstrekning som vist på reguleringskart) der det ikkje vert gjort endringar, skal ha same standard som i dag. Langs vegen skal det etablerast gang og sykkelveg/fortau. Same krav til utforming av gang og sykkelveg som under §2.1.2.

Endeleg utforming og detaljer skal godkjennast av Statens Vegvesen.

Planområdet Bustadområde Apalen Sør/planid.: 1263-200809 er eit regulert bustadområde med ein kombinasjon av frittliggjande småhusbustadar og konsentrert småhusbustadar. Planen vart vedteken i kommunestyret 19.05.2015. Planen har status som gjeldande.

Det er søkt om permanent dispensasjon frå følgjande rekkefølgjekrav i planen:

*«1.3.6 Før det vert gjeve midlertidig bruksløyve eller ferdigattest til mei enn åtte bueiningar i planområdet, skal gang- og sykkelveg/fortau vere opparbeidd eller sikra opparbeidd på del av Fylkesveg 391, som regulert i reguleringsplan for Apalen 1, Hellesåsen, plan-id 1263-19032007, vedteken av Lindås kommunestyre i møte 10. februar 2011, jf reguleringsføresegnene §§ 2.1.2 og 2.1.3 i reguleringsplan for Apalen 1, Hellesåsen. Sekundæreiningar i dei åtte bueiningane vert ikkje medrekna i talet på bueiningar.»*

## Dispensasjon

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

### Dispensasjonssøknad

Hjelmåsen as / «Helleåsen» og Apalen Sør as / «Apalen Sør» søker om varig dispensasjon frå vedtak om rekkefølgekrav slik det er gitt i reguleringsplanane for dei to bustadområda. Som vårt bidrag til trafikksikring stiller vi med i alt 4.500.000 kroner til finansiering av første etappe av ei stegvis trafikksikring på denne vegstrekninga.

<p><b>Vårt forslag til vedtak:</b></p> <p><i>Hjelmåsen as og Apalen Sør as får varig dispensasjon fra det opprinnelige rekkefølgekravet om trafikksikring.</i></p> <p><i>Innflyttingsløyve/midlertidig bruksløyve for alle bueinignar i kvar av felta kan gjevast straks Hjelmåsen as og Apalen Sør as har stilt bankgarantiar for totalt kr. 4.500.000 til trafikksikring av strekninga kryss Hillesvåg – Apalen.</i></p> <p><i>Midlane skal fullt ut nyttast til trafikksikring av denne strekninga, gjennom tekniske løysingar som vert bestemt og gjennomført av Lindås Kommune på eit seinare tidspunkt.</i></p>	<p><b>Påminning</b></p> <p>Sidan opprinnelige rekkefølgevedtak vart gjort, har det vore leita iherdig etter tekniske og finansielle løysingar. I mellomtida har ulykka vore ute.</p>  <p>Møteulykke på den aktuelle strekninga i 2014.</p>
-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

#### Fordelar med dispensasjonen

- Gjennomføring av viktige trafikksikringstiltak vert finansiert
- Sysselsetjing av ca. 60 ekstra årsverk, og skatteinntekter til Lindås Kommune
- Utvikling av Hjelmåsbygda, betring av folkehelsesituasjon

#### Ulemper med dispensasjonen

- Årsdøgntrafikk (ÅDT) aukar frå dagens nivå på ÅDT 300, til ca. ÅDT 430

#### Alternativ til dispensasjonen

- Ingen trafikksikring av denne strekninga på mange år, ut frå låge prioriteringar og mangel på offentlege midlar.

#### Samandrag

Vegen frå kryss Hillesvåg til Apalen v/Hjelmås kapell er stort sett bein, med ein sving i kvar ende. Den har fleire smale parti. Det finst eit kjent ulykkespunkt, ein stor knaus som tek sikt og lagar flaskehals. Eit smalt parti i søndre ende medfører dagleg mange tilfelle av rygging for at bilar skal kunne passere kvarandre. Fleire stader er det trøngt for mykte trafikantar når dei møter bil.

Verken kommune, fylke eller stat har midlar til utbetring. Det er berre vi utbyggjarane som innan rimeleg tid kan finansiere nokon som helst trafikksikringstiltak på denne strekninga. Begge byggjefelta er små, og dei må også stette mange andre krav til trafikksikring internt i felta. Lønsemada i byggjefelta gjev ikkje berekraft til å finansiere rekkefølgekravet fullt ut, når kravet som no er å bygge etter Statens Vegvesen sine normer.

- Plan og Bygningslov §17.3: «Rekkefølgjetiltak må stå i rimeleg høve til utbygginga sin art og omfang».
- Nasjonal politikk: «Meir trafikksikring for pengane!» Sitat: «... vil Vegdirektoratet minne alle ansatte i etaten om at kommuner og fylkeskommuner er fraviksmyndighet for en del krav på eget vegnett»<sup>1</sup>

**Vi ser berre to realistiske alternativ:**

- a) Det vert gjennomført trafikksikringstiltak etter trinnvis utbygging / reduserte tekniske krav. Begge bustadfelt utbygd for å skaffe milder.
- b) Det vert inga trafikksikring. Skulevegen vert som i dag. Utbygging vert avgrensa til maksimalt 16 bueiningar, slik som gitt i rekkefølgekravet.

Lindås Kommune sin visjon: «Ingen skadde eller drepne på vegane i Lindås Kommune» tilseier at alternativ a) er det beste valet.

Det absolutt viktigaste tiltaket meiner vi er å utbetre siktforholda. På det smalaste i sør må muligens farten reduserast med fartshumper. Dette betrar etter vårt skjønn trafikktryggleiken monaleg, sjølv om trafikkmengda aukar litt.

For søknad i heilskap vert det vist til dokument i saka.

**Uttale frå anna styresmakt**

Det er henta inn slik uttale frå Statens vegvesen den 29.08.18:

*«Uttale til søknad om dispensasjon*

*Rekkefølgjekravet som er sett i reguleringsplanane, gir eit viktig bidrag til trygge tilhøve for gåande og syklande busett i området, både til skule, fritidsaktiviteter og busshaldeplass ved E39. Statens vegvesen stetter Lindås kommune sitt vedtak om at dette tilbodet må vere på plass før ein kan tillate ei vesentleg trafikkauke på strekninga, slik planen legg opp til.*

*Alternative tiltak, for å redusere kostnadene, må etter vårt syn veie opp for dei ulempene som følgjer av auka trafikkmengde, og sikre dei myke trafikantane. I tillegg må ein vere trygg på at tiltaka er fysisk byggbare innanfor ein tildelt ramme, og at løysingane kan driftast maskinelt.*

*Statens vegvesen har gjort ei ny vurdering av forslaga til tiltak. Slik vegstrekninga er i dag, er det nokre punkter med därleg sikt grunna bergenabbar som stikk ut. Som søkerane skriv, kan fjerning av desse gi høgare fart på strekninga. Dette kan igjen kompenserast med humpar og nedsett fartsgrense. Ein totalvurdering av dette, sett i høve til auke i trafikkmengde, tilseier at tiltaka truleg ikkje aukar tryggleiken på strekninga. Tiltaka vil langt på veg oppvege kvarandre, og tryggleiken vert om lag uendra. Når ein legg til auka trafikkmengde, vil reell tryggleik verte redusert i høve til i dag.*

*Statens vegvesen meiner difor at forslaget frå utbyggjarane ikkje vil ivareta tryggleiken på strekninga godt nok. Etter vår vurdering vert ikkje tilhøva betre på strekninga enn om vegen vert liggjande som i dag, når ein tek høgde for auka trafikk.*

*Vi er difor negativ til at det gis dispensasjon frå rekkefølgjekravet i denne saka. Vi er også generelt negative til at utbyggjarane skal få dispensasjon mot at ein stillar med bankgaranti, ettersom naudsynte tiltak venteleg vil vere vesentleg dyrare enn garantien på 4,5 millionar. Etter vårt syn må utbyggjarane stå for utbetringa, med gjennomføringsavtale med Statens vegvesen, slik at dei også vil bere risikoene for kostnadsauke i gjennomføringa.»*

For uttale i heilskap vert det vist til dokument i saka.

Som følgje av negativ uttale frå Statens vegvesen vart det sendt brev til søker og opna for å trekke søknaden. I brev datert 01.10.18 kom søker med følgjande tilsvart:

«Vi sendte inn dispensasjonssøknad 3.5.2018. Denne vart oversendt 9.7.2018 frå Lindas kommune til uttale hjå Statens Vegvesen. Her heiter det «Lindås kommune har ikkje gjort nokon førehandsvurdering av søknaden». Statens Vegvesen svara etter ferien, den 29.08.2018. Uttalen var negativ. Lindås kommune formidla like etterpå, 18.09.2018, at Administrasjonen kjem til å gå i mot dispensasjonssøknaden, og ynskjer tilbakemelding på «... om de vel å trekke søknaden».

Vi stiller eit kritisk spørsmål: - Er denne raske og tilsynelatande lettvinde konklusjonen frå Administrasjonen er i tråd med Forvaltningslova §17 – «Forvalningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes»? I vårt vedlegg finn Administrasjonen 8 konkrete spørsmål, pluss ein del kommentarar. Svar på dette meiner vi er eit minimum for å opplyse saka.

- Vi ynskjer naturlegvis dispensasjonssøknaden lagt fram for politikarane, sidan det er dei som har myndet til å avgjere saka.

Våre grunnleggjande spørsmål er :

- Fins det verkeleg heimel for å vedta eit så tyngjande rekkefølgekrav som dette er?
- Kvar er dokumentasjon på den vurderinga som ligg til grunn for vedtaket?

I runde tal så er rekkefølgekravet -slik Vegvesenet vil ha det gjennomført -i storleiksorden 22% av omsetnaden for tomtesalet i felta. Kravet inkluderer oppgradering til høgare standardklasse på fylkesvegen, medan rekkefølgekravet omhandlar fortau. Vårt tilbod om finansiering av trinnvis utbygging er på ca 7 % av omsetnad. Høgsterettspraksis er ca 3-4% (2003-06-19. Rt. 2003 764.)

Innslagspunktet (8 stk for kvart av felta) er så lågt at felta samla kjem ut med eit underskot på ca 7 mill kr når ein har utført intern infrastruktur i tråd med dei kommunale krava. Dette utan å ta ut lønn eller utbytte. Slik situasjonen er no, så må vi forsøktere heile rekkefølgekravet med eit økonomisk utgangspunkt som er mange millionar i minus. Dette er heilt openbertyrimeleg tyngjande.

At Administrasjonen og Statens Vegvesen (SVV) no vil gå mot søknaden er ei heilmvending frå den opprinnelige handsaminga deira av søknaden i 2011. Då hadde ingen av desse merknader til trafikksituasjonen. Vi tar for gitt at dette var eit godt gjennomtenkt fagleg standpunkt frå dei som handsama saka den gongen.

Vi minner om at både Ordførar og Leiar i PMU har både stadfesta og beklagt oss fylgjande fakta: - Vedtaket vart gjort «på direkten» -ut frå eit benkeforslag i kommunestyret. Ingen tok seg tid til å undersøke samanheng mellom reelt behov for trafikksikring, kostnad for teknisk gjennomføring eller økonomi for utbyggjar før ein formulerte og vedtok rekkefølgekravet. Dette meiner vi var i klar motstrid til PBL §17.3 tredje ledd om «Slike tiltak må stå i rimelig forhold til utbyggingens art og omfang...», i kombinasjon med Forvaltningslova § 17 (referert ovanfor)»

For tilsvare i heilskap vert det vist til dokument i saka.

### Nabovarsel

Dispensasjonssøknaden er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

## **VURDERING:**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensesert i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulempar dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Det er søkt om dispensasjon i frå reguleringsplan Helleåsen § 2.1.1.1 og i frå reguleringsplan bustadområde Apalen Sør § 1.3.6.

Søknad om dispensasjon er fremja av Hjelmåsen AS v/Geir Styve og Apalen sør AS v/Magnar Tangen.

Dispensasjonssøknaden er grundig og tar for seg historikk ift. korleis rekkefølgjekrava kom inn i føresegne, samt korleis trafiksikringa på denne strekninga bør gjennomførast og prioriterast.

I dispensasjonssøknaden går det fram av utbyggjarane i dei to felta vil bidra med bankgaranti på kr. 4 500 000 til trafikksikring på strekninga.

Administrasjonen ser at søker legg fram vesentlege argument i søknaden. Det er utfordrande for utbyggar å få gjennomført den planlagte utbygginga i felta, då kostnadane med rekkefølgjekrava er høge.

Vidare er det administrasjonen si vurdering at omsynet til trafikktryggleik er sentralt, og det vil ikkje vera eit relevant omsyn å gje ein dispensasjon som går på bekostning av det.

Dispensasjonssøknaden gjeld rekkefølgekrav knytt til utbetring og oppgradering av Fv 391 i eit strekke på om lag 600 meter frå krysset mellom Fv391 og Kleivdalsvegen og fram til dei aktuelle reguleringsplanane jf. plankart for Helleåsen.

Som det går fram av søknaden så er det ei vegstrekke som er utsett for møteulykker, noko som underbygger viktigheta av at vegen vert utbetra.

Plan- og bygningslova § 12-4 inneholder reglar knytt til rettsvirkning av reguleringsplan og gjev reglar om at ein reguleringsplan fastsett framtidig arealbruk for området og er ved vedtak i kommunestyret bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak som nemnd i pbl § 1-6. Dei aktuelle reguleringsplanane er vedtekne av kommunestyret i Lindås kommune og soleis juridisk bindande jf. pbl § 12-4.

Moment knytt til reguleringsplan Helleåsen og det aktuelle rekkefølgekravet har vore handsama i klagerunde der kravet vart lempa frå å gjelde all utbygging til at ein kunne få etablere 8 bueiningar.

For reguleringsplan Bustadområde Apalen Sør er det aktuelle rekkefølgekravet det no vert søkt om permanent dispensasjon i frå, § 1.3.6, skildra i Planskildringa til planen pkt. 6.4, og har vore kjent i planprosessen.

For Apalen sør gjeld kravet at det ikkje kan gjevast mellombelsbruksløyve/ferdigattest for meir enn 8 nye bustadar før kravet skal vere sikra gjennomført eller vere gjennomført. For Helleåsen sin del er formuleringa at kravet skal vere infridd.

Hjelmås AS har sidan planen for Helleåsen vart vedteken, med dei aktuelle rekkefølgjekrava, innretta seg etter den ved å etablere teknisk infrastruktur i planområdet. I tillegg er det i tråd med rekkefølgjekravet bygd/godkjent etablert 8 einebustadar. Nokre av desse bustadane har og uteigedel i tråd med planen.

Dei som har etablert seg i planområdet Helleåsen har inretta seg etter planen og skal vere sikra ei forutsigbarhet som rekkefølgjekrava skal ivareta.

Omsynet bak rekkefølgekravet er å sikre mjuke trafikantar samt utbetring av eit smalt strekke av FV 391. Med utbygging i reg. plan Helleåsen og Bustadområde Apalen Sør vert det ei vesentleg trafikkauke på strekket, både for kjørande og for mjuke trafikantar, som potensielt vil ha strekket som skuleveg. I dispensasjonssøknaden er det og vist til at det har vore møteulukke på vegstrekninga, noko som støttar opp under at rekkefølgjekrava for utbetring er nødvendige for dagens bruk av vegen, og i alle høve for auke i bruken.

Det er i søknad om dispensasjon argumentert for at Hjelmåsen AS og Apalen Sør AS stiller 4.5 milioner kr som bankgaranti medan kommunen tar på seg arbeidet med å gjennomføre dei tiltak den finn naudsynt for å betre tryggleiken langs vegen. Beløpet som er skissert er mindre enn 1/3 av det som vert opplyst å vere samla kostnad for å utbetre vegen i tråd med rekkefølgjekrav gjeve i reg.plan Helleåsen § 2.1.1.1 jf §§ 2.1.2 og 2.1.3 og vil ikkje vera tilstrekkeleg for å gjennomføra rekkefølgjekrava.

Dispensasjon frå rekkefølgekrava i dei to planane, slik som omsøkt, vil vere ei vesentleg til sidesetting av omsyna kravet skal ivareta og kan ikkje handsamast som dispensasjon. Dersom ein ønskjer å endre på rekkefølgjekravet i dei rekkjektive planane vil ein måtte gjennomføre dette som endring av dei aktuelle reguleringsplanane, der ein får vurdert dette i ein planprosess der alle omsyn vert ivaretatt.

Administrasjonen si vurdering er at omsyna bak rekkefølgjekravet i reguleringsplan Helleåsen/planid.: 1263-19032007 § 2.1.1.1 og frå rekkefølgjekrav gjeve i reguleringsplan Bustadområde Apalen Sør/planid.: 1263-200809 § 1.3.6 i høve utbetring av fylkesveg og etablering av fortau/gangveg vert sett vesentleg til side som følgje av omsøkt permanent dispensasjon frå rekkefølgjekrava. Når omsynet vert sett vesentleg til side er ikkje vilkåret i pbl. § 19-2 (2) 1.punktum oppfylt. Det er ikkje grunnlag for å vurdere om fordelane ved dispensasjon er større enn ulempene.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon i frå rekkefølgekrav gjeve i reguleringsplan Helleåsen/planid.: 1263-19032007 § 2.1.1.1 og frå reguleringsplan Bustadområde Apalen Sør/planid.: 1263-200809 § 1.3.6 ikkje er oppfylt.

## VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå rekkefølgjekrav gjeve i Helleåsen/planid.: 1263-19032007 § 2.1.1.1 jf. §§ 2.1.2 og 2.1.3.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå rekkefølgjekrav gjeve i reguleringsplan Bustadområde Apalen Sør/planid.: 1263-200809 § 1.3.6.**

**Grunngjeving for vedtakt går fram av saksutgreiinga.**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1710

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Til informasjon**

Ved klage på vedtaket vil de måtte dokumentere at dispensasjonssøknaden er nabovarsla.

Med helsing

Siril Sylta avdelingsleiar	Eilin Houlison Molvik rådgjevar
-------------------------------	------------------------------------

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Apalen Sør AS	5914	ISDALSTØ
Hjelmåsen AS	v/ Geir Styve	5915
	Hjelmås	HJELMÅS

**Mottakarar:**

Apalen Sør AS	5914	ISDALSTØ
Hjelmåsen AS	v/ Geir Styve	5915
	Hjelmås	HJELMÅS